


STORD RÅDHUS

1965



STORD RÅDHUS

1. Plannemnd vald av kommunestyret 7.9.1956:

Per Stuve Rommetveit - formann
Amund Engelsen
Leif Baugstø
Andre Saue
Rasmus Rommetveit
Andreas Rekve
Andreas Fleten

2. Arkitektkonkurranse/jury.

Kommunestyret vedtok 13.11. 1957 lukka arkitektkonkurranse med 4 kjende arkitektar som deltagarar.

Jury:

Arkitekt L. Eide Parr, Haugesund
Ordførar Onar Onarheim
Siviling. Amund Engelsen
Arkitekt Jakob Myklebust, Bergen
Arkitekt reg.sj. Jon Digranes, Laksevåg

3. Arkitekt:

Juryens kritikk og innstilling låg føre 13.3. s.å.
Den fann arkitekt E. Vaardal-Lunde sitt utkast som best og at det burde leggjast til grunn for det vidare arbeidet. Kommunestyret vedtok 20.3.1959 juryen si innstilling.

4. Konsulentar:

Siviling. Johan Thunes - varme- og sanitæranlegg
Siviling. Erik Grønstad - byggeteknisk konsulent
Siviling. Harald Monstad - elektrotekn. konsulent

5. Entreprenørar:

Grunn/betong: W. Engelsen Ettf., Stord
Mur-puss: W. Engelsen Ettf., Stord
Tømmerarbeid: Hystad & Hystad, Stord
Snekkerarbeid: Hystad & Hystad, Meyer Eldøy,
E. Fjeldtvedt, Stord

Terrassoarb.: Jostein Martinsen, Kristiansund N.
 Glasarbeid: G. Rognaldsen, Bergen
 Blikkensl. arb.: Ellertsen, Ølve
 Vindu/dørp.: Didr. Andersen & Søn, Bergen
 Smijernsarb.: Einar Olsen A/S, Bergen
 Brann-luft-
 verndører: H. J. Olsen A/S, Bergen
 Panserdører: Jørgen S. Lien, Bergen
 Målararbeid: Stautland & Co., Stord
 Golvbelegg: Halvor Urrang, Haugesund
 El.inst.arb.: Stord Maskin & Inst. forretning,
 Norsk Eswa
 Sanitærarl.: W. Ingebrigtsen, Stord
 Heis: Torvald Sætre, Siviling. Bergen
 Ventilasjons-
 anlegg: Arne Mundheim, Bergen
 Møblar: Jacob L. Berstad, Bergen m.fl.
 Gardiner: Motehuset Annemor, Stord

6. Byggenemnd:

Finn Haga - formann
 Knut Handeland - varaformann
 Henrik Lindeflatten jr.
 Per Stuve Rommetveit
 Andre Saue

7. Byggeleiari:

Keld Poul Olsen

8. Byggearbeidet:

Grunnarbeidet tok til 1.2.1962.
 Kranselag halde 7.11.1963.

9. Areal:

Grunnflate 1.123 m².

Kjellar	-	bto	-	1123 m ² .	-	3009 m ³ .
1. etasje	-	"	-	1115 "	-	3771 "
2. etasje	-	"	-	1015 "	-	3219 "
3. etasje	-	"	-	591 "	-	1772 "

Totalt		3844 m ² .	11771 m ³ .
--------	--	-----------------------	------------------------

STORD KOMMUNE

Stordøya ligg ved innlaupet til Hardangerfjorden, og Stord kommune er øvre luten av øya. Lendet er stort sett flatt, noko kupert, men stig ikkje nemnande før det når foten av fjellet. Der vert det meir som høgfjellsnatur. Jordhaugen er god og grøderik, og vegetasjonen mangvoren.

Busetjinga på Stord er truleg svært gammal. Dei mange gravhaugane vitnar om at det har budd godtfolk på Stord frå utgamal tid.

Fyrste møtet i "Stordøens" heradstyre vart halde på Tyse 8. januar 1838, og sokneprest Claus Daae var fyrste ordføraren. Heradet var den gongen - og ei tid framover i dette hundreåret og - ei bondebygd, der jordbruk med noko skogbruk og fiske attåt, var hovudnæringa. Men det var heller ikkje så få som var knytte til handel og til ymse slag handverk. Sentralt som bygda låg, var fleire av dei offentlege kontora som høyrde distriktet til, med sine embetsfolk og funksjonærar, lagde til Stord.

Stord har i lang tid vore ein kjend skulestad, og er vorte det meir og meir med åra. Den fyrste ordføraren fekk lagt Stord lærarskule til bygda i 1839, seinare er realskule, gymnas og yrkesskular av ymse slag kome til.

I 1900 var det berre nokre få arbeidarar som var knytte til industrien, for det meste ved skipsvervane, og dei fleste av dei hadde eit småbruk som attåtyrkje. I 1920 høyrde 1/3 av skattytarane til industrigruppa. I 1960 var 2/3 knytt til industrien. Stord er såleis vorten ei typisk industribygd, og det er Stord Verft som har størst æra for det.

Folketalet har skift mykje i desse åra. I 1855 var talet 1581 og det auka jamt med eit par hundre kvart 10-år fram til hundreårsskiftet. Etter den tid gjekk det snøggare. I 1910 var talet 2943, i 1940 4057, i 1946 5030 og 31. mars 1965 var det 8613.

Stord har lenge vore eit kommunikasjonssentrum i Sunnhordland.

Den fyrste dampskipskaien vart bygt i 1912. I dag rår hamnestellet på Stord over ei samla kailengde på 525 meter. Då er og moloen, som vart ferdigbygt i 1963, rekna med. På Leirvik, i Sagvåg og på Jektvik er det fergestø. Riksvegen frå Leirvik til Jektvik er ein lekk i Ytre Stamlinna.

Stord fekk elektrisk straum heller tidleg, frå Mølleverket i 1912, frå Vatna-verket i 1914. Det siste vart kommunalt i 1918. I 1934 vart kraftstasjonen på Lund sæter ferdigbygt. Men det vart snart trong for meir kraft. Stord er nå med i L/L Sunnhordland Kraftlag og får mest all krafta si frå anlegget i Matre.

Med industrialiseringa og folkeauken voks og arbeidsomkverva og krava til kommuneadministrasjonen. Dette kjem klårast fram av budsjettet. I 1900 vart det budsjettet med kr. 19.000,oo i brutto utgift. Budsjetta hadde ein nokså jamn auke fram til 1940. Då var det kome opp i kr. 532.000,oo. Men sidan har det gått fort. I 1950 kr. 1.732.000,oo, i 1960 kr. 5.717.000,oo og i 1965 kr. 9.976.813,oo.

Kommunen har investert i åra frå 1950: I skulesektoren kr. 11.070.000,oo, i Rådhuset kr. 3.500.000,oo, i Vassverket kr. 4.500.000,oo, i idrettsanlegg kr. 500.000,oo, i bustader kr. 1.800.000,oo, i vegar, gater og kloakksystem kr. 2.000.000,- og i ymse andre greiner kr. 600.000,oo. Kommunen tek også økonomisk del i utbygginga av Fylkessjukehuset på Stord.

Den store ekspansjonen som heradet på mange omkverve var ute i, kravde ein godt utbygd kommunal administrasjon, og dermed meir kontorrom òg. Ikkje lenge etter siste verdkrigen tok formannskapet opp arbeidet med å reisa eit tidhøveleg heradshus. På budsjettet 1948 vart ført opp som fyrste løyving kr. 50.000,oo.

Jamvel om trongen for eit slikt hus berre auka etter kvart, måtte andre viktige oppgåver gå føre. Ei plannemnd til å førebu arbeidet, vart sett ned i 1956. Det vart vedteke å

plassera huset ved Torget.

I 1957 vedtok kommunestyret å arrangera ein lukka arkitektkonkurranse. I 1958 fekk byggetomta namnet Rådhusplassen, og sjølve administrasjonsbygget Rådhuset.

Juryen som vart sett ned, fann arkitekt E. Vaardal-Lunde sitt utkast "Alvorlig talt" å vera best, og at det burde leggjast til grunn for det vidare arbeidet. Kommunestyret vedtok juryen si innstilling 20.3. 1959.

I møte 12.6. og 16.11 1961 og 17.9. 1964 vedtok Stord kommune finansieringsplan for Rådhuset. Byggekostnadene er kalkulert til 3.5 mill. kroner, inkludert tomt, inventar og uforutsette utgifter.

Grunnarbeidet tok til 1.2.1962, og kranselaget vart halde 7.11.1963. Dei fyrste som flytte inn i huset, var sivilforsvaret, den 1.11.1964.

Den kommunale administrasjonen flytte inn i januar 1965.

Kommunen vonar at bygget må tena til sitt føremål og vera til gagn og glede for folket på Stord.

AREALBRUK:

Kjellar:

STORD SPAREBANK - SUNNHORDLANDSBANKEN:
Garderobe - toalett - arkiv - bokskvelv.

STORD APOTEK:
Garderobe - toalett - lagerplass.

SIVILFORSVARET:
Kommandoplass - alarmplass - lager.

STORD KOMMUNE:
Tilfluktsrom - arkiv - telefonentral - tavlerom.

1. etasje:

STORD SPAREBANK:

Ekspedisjonslokale	- 105
Kontor	- 104
Styrerom	- 103

STORD APOTEK:

Offisin	- 111
---------	-------

SUNNHORDLANDSBANKEN:

Ekspedisjon	- 126
Kontor	-
Styrerom	-

STORD TRYGDEKASSE:


Ekspedisjon	- 131
Kontor	-


**HELSEERÅD -
DISTRIKTSLEGE:**

Kontor m.v.	- 143 - 146 - 148
-------------	-------------------

STORD KOMMUNE:

Vestibyle	- 121
Resepsjon	- 123





2. etasje:

STORD KOMMUNE:

Kommunestyresal	- 212
Publikumsrom	- 201
Formannskapssal	- 213
Ordførarkontor	- 213
Ekspedisjon	- 215
Kontorsjefkontor	- 216
Formannskapssekretærrom	- 214
Bygdebokkontor	- 203
Heradskasse - 4 rom	- 233 - 236 - 234 - 237
Heradsskogmeister	- 241
Forsyningssnemnd	- 242
Jordstyre - herads-	
agronom	- 226 - 227
Skogreisingsnemnd	- 225
Sosialkontor	- 222 - 223 - 224

3. etasje:

Likningskontor - 4 rom	- 313 - 315 - 316 - 318
Folkeregister - 1 rom	- 313
Skulekontor - 2 rom	- 303 - 304
Skulepsykolog - 2 rom	- 320 - 321
Arbeidskontor for	
Sunnhordland	- 311
Kasserar E-verket	- 302

